

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 20.3.18

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 8/18. Opplegg for småviltjakta 2018

#### **Saksopplysning/vurdering:**

Fjellstyret har dei siste åra innført fleire restriksjonar på småviltjakta i statsallmenningen, grunngjeve med at særleg rypebestanden i mange år har vore dårleg. Dette har vore restriksjonar som:

- Utsett jaktstart til 1. oktober og jaktslutt 23. desember (2012 til 2017)
- Avgrensing på ei ryper per jeger/dag (2015-2017)
- Avgrensing i talet på selde kort (2015-2017) ved berre å selja eit bestemt tal kort av dei ulike kategoriar gjennom Inatur.

Me såg sist haust at rypebestanden var større enn på mange år, slik at dei gjeldande restriksjonane på jakta kanskje var unødvendig sterke denne sesongen. No i vinter er det mange stader bra med flokkar med stamfugl å sjå. Me veit sjølvstakt ikkje om dette vil gje god kjuklingproduksjon, mange og store kull til sommaren. Det kan og henda at rovviltet, som no lever godt på smågnagarar og anna, kan koma til å beskatta rypa hardt, dersom det vert samanbrot i smågnagarbestanden utover våren.

Eg vil likevel meina at tida er mogen for å vurderera å gjera nokre lempingar i reglane for småviltjakta, og vil føreslå følgjande:

- Framskunda jaktstart med t.d. 6 dagar, til 25. september. Dette vil gje ei betre jakt- og turoppleving for mange av dei som kjøper jaktkort, ved at sjansane er større for at det ikkje har kome noko særleg med snø.
- Auka dagskvoten til 2 fugl per jeger. Det normale er uansett at mange i praksis skyt 1 (eller 0) ryper, og at eit fåtal har sjanse på meir enn 2.

Når det gjeld tal kort ein bør leggja ut for sal på Inatur, kan avgjerd om dette venta til seinare på sommaren, når ein gjennom oppsynet og andre sine turar i fjellet kan ha fått eit visst inntrykk av rypeproduksjonen. Eit fjellstyremøte (eller kontakt på e-post) i august vil kunna gjera vedtak om dette. Siste to åra har 80-90 kort, fordelt på ulike kategoriar, årleg vore lagde ut på Inatur og selde til utanbygds jegerar. Kortsal til innanbygds jegerar kan framleis gjerast på fjellstyrekontoret. Det har dei siste åra berre vore ei handfull innanbygdsbuande som har nytta seg av tilbodet – kanskje interessa vil auka, slik stoda er no, med redusert tilgang til reinsjakt?

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 20.3.18

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 8/18, side 2.*

### **Framlegg til vedtak:**

- Jakttida for jakt på rype og hare i Aurland statsallmenning for 2018 vert 25.9 – 23.12. For andre artar, som rev, ramn, mår, røyskatt m.fl. gjeld jakttidene som er fastsette av staten.
- Dagskvoten vert fastsett til 2 ryper per jeger (gjeld for kvar kalenderdato, kan ikkje flytta «ubrukt» kvote frå ein dag til neste, eller mellom jegerar).
- Fjellstyret avgjer i august kor mange jaktkort av kvar kategori som skal leggjast ut for sal.

Fjellstyrekontoret, den 16.3.18

Harald Skjerdal